



Arkivnr: 2014/5-9

Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.02.2014
Fylkesutvalet		19.02.2014
Fylkestinget		11.03.2014

Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017

Samandrag

Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 er forankra i Nasjonal transportplan 2014-2023 (NTP) der det går klart fram at det nasjonale trafikksikringsarbeidet er tufta på nullvisjonen. Nullvisjonen er bygd på at trafikantane og styresmaktene har eit delt ansvar og gjensidig forpliktning i forhold til kvarandre. Eit trafikksikringsarbeid i samsvar med nullvisjonen inneber å prioritere arbeid for å redusere dei alvorlegaste ulukkene. Handlingsplanen er inndelt i effektmål og resultatmål.

NTP har følgjande målsetjing for trafikksikringsarbeidet i perioden:

Antall personer som blir drept eller hardt skadd i vegtrafikken skal i 2024 ikke overstige 500.

I *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2014-2017* er det formulert målkurver for dei einskilde fylka, med utgangspunkt i den nasjonale målkurven. Hovudmålet for trafikksikringsarbeidet i Hordaland vert då som følger (effektmål):

Tal personar som vert drepne og hardt skadde i vegtrafikken i Hordaland skal reduserast frå 85 i 2012 til 47 i 2024. Dette inneber samtidig at målet for 2017 vert ein reduksjon i tal drepne og hardt skadde frå 85 til 68 personar.

Når det gjeld resultatmålet er det sett fokus på trafikksikringsarbeidet i kommunane, og målsetjinga her er *at minimum 10 kommunar vert sertifisert som «trafikksikker kommune» i løpet av planperioden.*

Med utgangspunkt i trafikkulukkesstatistikken, og særleg med fokus på reduksjon i dei hardt skadde og drepne, så er det vald ut følgjande tre satsingsområde:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møteulukker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i byområde

I arbeidet med planen er det lagt vekt på to ting, - for det første å ha fokus på dei oppgåvane og tiltaka som fylkeskommunen sjølv kan stå for, og for det andre er det i planen eit særleg fokus på det haldningsskapande trafikksikringsarbeidet.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg 1. Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017

Vedlegg 2. Høyringsuttaler

Fylkesrådmannen, 28.01.2014

Bakgrunn

Fylkestrafiksikringsrådet (FTR) hadde ansvaret for utarbeidninga av den nye trafikksikringsplanen, i samarbeid med samferdselutvalet (SAMU). Erfaringane frå tida etter 2010 (forvaltningsreforma) har vore eit viktig bakgrunnsteppe, i og med at fylkeskommunen då fekk leiar- og sekretariatsfunksjonen i FTR, og trafikksikringsarbeidet med det vart enno sterkare knytt til fylkeskommunen.

Høyringsutkastet vart handsama i samferdselsutvalet i oktober 2013, og deretter sendt på høyring til kommunar og aktuelle organisasjonar med frist 20. desember. Det kom inn 15 høyringssvar, - sju kommunar og åtte etatar/organisasjonar/råd.

Innhaldet i planen

Vision og målsetjingar

Handlingsplanen er forankra i Nasjonal transportplan 2014-2023 der det går fram at det nasjonale trafikksikringsarbeidet tek utgangspunkt i at nullvisjonen vert vidareført, og det er sett som ei målsetjing at personar som vert drepne eller hardt skadde i trafikken ikkje skal overstige 500 i 2024. Hovudmålet med trafikksikringsarbeidet i Hordaland vert sett i samsvar med det nasjonale målet:

Tal personar som vert drepne og hardt skadde i vegtrafikken i Hordaland skal reduserast frå 85 i 2012 til 47 i 2024. Dette inneber samtidig at målet for 2017 vert ein reduksjon i talet på drepne og hardt skadde frå 85 til 68 personar.

I tillegg til hovudmålet om å redusere talet på drepne og hardt skadde i trafikken i Hordaland med 45% i 2024 i høve til 2012 situasjonen, er det foreslått å setje særskilt fokus på kommunane sitt arbeid med trafikksikring. Ut frå dette er det sett følgjande resultatmål:

Det vert sett som eit mål for Handlingsplan for trafikksikring 2014-2017 at minimum 10 kommunar vert sertifisert som "trafikksikker kommune" i løpet av planperioden.

Bakrunnen for å ha eit eige mål retta inn mot kommunane er at kommunane med sine ansvarsområde har ei særleg sentral rolle i trafikksikringsarbeidet. Kommunane spelar mellom anna ei viktig rolle i kunnskaps-, informasjons- og opplæringsarbeidet.

Utfordringar

Handlingsplanen viser dei utfordingane ein står overfor når det gjeld å redusere talet på trafikkulukker, og særleg å få ned talet på hardt skadde og drepne. I samsvar med nullvisjonen er det naturleg at ulukkesanalysen har eit særleg fokus på dei alvorlege ulukkene. Analysen viser at Hordaland har særskilte utfordingar i trafikksikringsarbeidet. Sidan år 2000 har reduksjonen i alvorlege ulukker vore langt mindre i Hordaland (22%) enn i landet som heilskap (45%). Alvorlege møteulukker skil seg særleg negativt ut.

Tre satsingsområde

På grunnlag av nullvisjonen og dei utfordingane som er skissert i trafikkulukkestatistikken er tre satsingsområde vald ut for planperioden:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane

Med denne handlingsplanen ønsker fylkeskommunen å styrke føresetnadene for kommunane sitt trafikksikringsarbeid ytterlegare. Dette vert gjort gjennom å vidareføre allereie etablerte tiltak, samt eit ønsker om å vere pådrivar for sertifisering av «trafikksikre kommunar», og innføre ei ny tilskotsordning for mindre fysiske tiltak som er prioritert i kommunale trafikksikringsplanar.

- Møteulukker utanfor tettbygde stok

Ut frå ulykkestatistikken ser ein at dei hyppigaste, alvorlege ulukkene er møteulukker, og desse skjer stort sett i Hordaland utanom Bergen. Det er særleg riksvegane som dominerer, og unge menn som forulukkar eller vert hardt skadde. I handlingsplanen er tiltak som trafikksikringsdagar for ungdommar, kontroll- og kampanjarbeid inkludert dokumentasjon over utvalde strekningar, og handheving av § 34 i Vegtrafikkloven særleg trekt fram for dette satsingsområde.

- Mjuke trafikantar i byområde

Bakgrunnen for at gåande og syklande trafikantar er vald ut som eitt av tre satsingsområde er alvorsgraden i ulukker med mjuke trafikantar, saman med statistikken over fotgjengarlukker som viser at denne ulukkestypen er overrepresentert i Bergen. Ut frå demografisk utvikling og styrande politiske målsetjingar vil ein få ei kraftig auke i mjuke trafikantar i åra som kjem. Også talet på eldre bilførarar vil vere eit element inn i dette. I handlingsplanen er det særleg sett fokus på kampangearbeid knytt til dette satsingsområdet, saman med allereie etablerte prosjekt.

Økonomiske rammer

Dei økonomiske rammene for trafikksikringsarbeidet er todelt. For *fysiske tiltak* på vegnettet er dei økonomiske rammene sett gjennom RTP for Hordaland med tilhøyrande Handlingsprogram 2013-2017 for fylkesvegnettet i Hordaland. Når det gjeld *trafikantretta tiltak* er det ei økonomisk ramme på om lag 4 mill kroner per år til rådvelde. For Handlingsplan for trafikksikring 2014-2017 vert det lagt til grunn ei vidareføring av dei økonomiske rammene til arbeidet i regi av FTU, med ei totalramme for perioden på 16 mill kroner til trafikantretta tiltak. Følgjande rammer er vedteke i fylkestinget i desember 2012 og desember 2013.

Tiltakstype	Økonomiske rammer 2014-2017
Fysiske tiltak Bergensprogrammet	120 mill kroner
Fysiske tiltak Hordaland utanom Bergen	60 mill kroner
Trafikantretta tiltak (FTU)	16 mill kroner
Sum	196 mill kroner

Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 viser og til at ein vil finne midlar til trafikksikring andre stader enn i dei reine trafikksikringspostane. Det vert her vist til midlar til kollektivtiltak og gang- og sykkeltiltak både for Hordaland utanom Bergen og i Bergensprogrammet.

Høyningsuttalar til planen

Oppsummering av uttalane

Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 vart sendt på høyring 8. november med høyningsfrist 20. desember 2013. Mottakarar av høyningsutgåva utanfor fylkeskommunen var kommunane i Hordaland, konsultative medlemmer i FTU, og ulike råd og interesseorganisasjonar knytt til trafikksikringsarbeidet. Det kom inn 15 høyringssvar, - sju kommunar og åtte etatar/organisasjonar/råd.

Generelt kan ein seie at uttalane som kom inn var positive til handlingsplanen slik den låg føre, - med dei satsingsområda og målsetjingane som er sett. Statens vegvesen har i sin uttale peika på at det framleis bør vera ei stor satsing for å redusera utforkøyrlingsulukkene, sjølv om utviklinga har vore positiv dei siste åra.

Kommunane har i særleg grad merka seg tiltaka knytt til satsingsområdet Trafikksikringsarbeid i kommunane. I denne samanhengen har Meland kommune i sin uttale vist til at kommunen heller ser at ein auka opp ramma for tilskot til kommunale trafikksikringsplanar, enn å nytte midlar til sertifisering av Trafikksikre kommunar. Dette for å unngå at det er dei kommunane som allereie har eit godt trafikksikringsarbeid som får nytte godt av midlane. Bergen kommune har i sin uttale mellom anna peika på forholdet mellom folkehelse og trafikksikring.

Fleire av uttalene tek opp fysiske tiltak på vegnettet. Mellom anna peikar kommunane Meland og Kvam på at det burde vore meir midlar knytt til det fysiske trafikksikringsarbeidet. I nokre av uttalane frå kommunane, samt frå Nettbuss og Osterøy Jakt- og fiskarlag vert konkrete strekningar løfta fram med ønskje om utbetring. I Jernbaneverket sin uttale er det peikt på ønskje om tiltak inn mot planovergangar med manglande sikring.

Fleire av høyningsuttalane nemner og ulike trafikantretta tiltak slik som forslag til nye kampanjar, alkolåsarbeidet, ytterlegare fokus på born og unge, kurs for eldre trafikantar og gjennomsnittsmålinger på veg. Meland kommune har i sin uttale mellom anna kome med forslag om ein «Slepp forbi» kampanje.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Trafikksikringsarbeidet i Hordaland har ei brei kontaktflate med mange aktive og engasjerte lokalsamfunn, organisasjonar og etatar. Det er ein stor styrke når ein har ein nullvisjon å arbeide etter. I Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 har fylkeskommunen først og fremst sett på si eiga rolle i dette arbeidet, og ikkje minst det ansvaret som ligg til fylkeskommunen. Nullvisjonen ligg fast, og trafikkulukkesstatistikken for Hordaland viser at dei målsetjingane som er sett for fireårsperioden vert krevjande. I RTP er grunnlaget for satsinga på fylkesvegnettet vedteke, og det er eit ønske at handlingsplanen for trafikksikring kan vere eit parallelldokument og eit supplement til det som ligg i RTP. Ikke minst gjeld dette dei trafikantretta trafikksikringstiltaka.

Høyringsuttalane som har komme inn er positive til dei satsingsområda og målsetjingane som er skissert. Fylkesrådmannen har merka seg innspelet frå Statens vegvesen vedkommande utforkøyatingsulukker, og har teke dette til følgje i handlingsplanen som no ligg føre. Når det gjeld satsinga på kommunane er dette allereie lagt i førre planperiode med tiltak som tilskot til kommunale trafikksikringsplanar og årleg trafikksikringsskonferanse for kommunane. I denne planen er det ønske om å vidareføra og -utvikla dette. Fylkesrådmannen er av den oppfatning av sertifisering av trafiksikre kommunar kan vere eit godt tiltak, og at det med innføring av eit slikt prosjekt krevs noko midlar til gjennomføring. Nasjonalt er det og fokus på prosjektet, og det er mellom anna teke med som eit viktig tiltak i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2014-2017.

Som nemnd tidlegare vart det i fleire av høyringsuttalane peika på ulike vegstrekningar der det var ønske om å gjere fysiske utbetringar. Slik planen er lagt opp er det ikkje rom for å ta inn slike konkrete innspel, og desse kjem slik sett innunder det arbeidet som allereie pågår mellom aktuelle kommunar, fylkeskommunen og Statens vegvesen. Dette gjeld og Jernbaneverket sitt innspel om sikring av planovergangar. I den grad det høver slik kan desse innspela om fysiske utbetringar på vegnettet kome innunder det nye tiltaket «mindre fysiske tiltak i kommunane». Utover dette må dei inn som ein del av prioriteringane i RTP og dei årlege budsjettprosessane for fylkesvegnettet.

Forslaget om å etablere ein «Slepp forbi» kampanje er ikkje innarbeidd i planen, men fylkesrådmannen ser positivt på forslaget, og meiner at det kan vere ein del av kontroll- og kampanjearbeidet innanfor satsingsområdet møteulukker utanfor tettbygde strok.

Som nemnd er tiltaka i planen avgrensa til det som vert finansiert over fylkeskommunen sitt budsjett, og nokon grad dei konsultative medlemmane i FTU. Nokre av høyringsuttalane viser til kurs og prosjekt innanfor ulike trafikksikringsorganisasjonar, men desse er altså ikkje teke med i planen, men organisasjonane vert nemnd under andre samarbeidspartnarar.

Fylkesrådmannen meiner at planen er eit godt verktøy for alle etatar og organisasjonar som arbeider med trafikksikring i Hordaland, og tilrår at planen vert vedteken av fylkestinget.